

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/7639-1

Skriv og melding 26. november 2014

Fylkesrådet for funksjonshemma tek skriv og meldingar til vitande

Meldesak 1) Interpellasjon i fylkestinget og svar frå fylkesordførar

I fylkestinget 14. oktober hadde Norunn Lunde Furnes ein interpellasjon om drosjetakstar for rullestolbrukarar. Fylkesordføraren svara på interpellasjonen til slutt i tingseta. Meir informasjon om interpellasjonen ved Norunn til resten av fylkesrådet i møtet 26. november.

Meldesak 2) Oppsummering frå møte på NAV - hjelpemiddelsentralen 9. september 2014

Er det noko av det som det vart informert om på hjelpemiddelsentralen som fylkesrådet skal jobbe med neste år ? Innspel frå medlemmene i fylkesrådet.

Meldesak 3) SOR-konferansen

Orientering frå SOR-konferansen ved Norunn og Odd Atle som var deltakarar på konferansen. Programmet for konferansen finn de her:

<http://www.samordningsradet.no/kurs/pop.cfm?FuseAction=Doc&pAction=View&pDocumentId=55759>

Meldesak 4) Referat frå ad-hoc møte 18. august

Referatet frå møtet 18. august som vedlegg, og til orientering.

Meldesak 5) Finansutvalet sitt vedtak 24. september 2014 om samanslåing av fylkesråda

Det vart i Finansutvalet 24. september fatta vedtak om «felles råd» i budsjettframlegget. Fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma er lovpålagde organ, men fylkestinget kan bestemme at det skal vere personsamanfall og samtidige møte i dei to råda. Råda har i dag 5 medlemmer kvar. Fylkesråda disponerer i dag til saman 0,24 mill. kr til drift av råda. Gjennomsnittleg kostnad pr. ordinært medlem er kalkulert til om lag 20 000 kr pr. år. Ved oppretting av «felles råd» på medlemmer kan det samla driftsbudsjettet halverast til 0,12 mill. kr.

Meldesak 6) Budsjett og økonomiplan

Det er frå fylkesrådmannen framlegg om å utgreie 3 mill. i reduksjon i tilrettelagt transport (TT). Det vart i finansutvalet lagt fram følgjande endringsframlegg frå Krf: «Finansutvalet sluttar seg til samferdsleutvalet si skjerming av TT-ordninga og service-skyssen». Framlegget fall.